



PROTOKOLL -

MEDLEMSMØTE/ÅRSMØTE 2025

Osterøy IL Friidrettsgruppa

Tysdag 11. mars 2025 klokka 18.30 – Klubbhuset ved Osterøy stadion

Frammøtte: Bjarte Vik, Herdis Helle, Tore Langeland, Tore Hannisdal, Anne Lise Leiren Mastervik, Mats Elvik, Eirik Reigstad, Karl Johan Reigstad, Magnus Reigstad, Arne Reigstad

Sakliste

SAKNR	SAK
Sak 1/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjent utan merknader.
Sak 2/2025	Val av ordstyrar og referent Bjarte Lohne vart vald som ordstyrar. Herdis Helle vart vald som referent.
Sak 3/2025	Årsmelding 2024 Årsmeldinga vart godkjent med fylgjande merknader: Bjarte Vik hadde merknad om at vi har blitt betre å rekruttere medlemmer og få dei inn på rett stad, men at det framleis er eit potensiale for å få med fleire, mellom annan mellom dei som møter på stevne utan å vere medlem. Bjarte Lohne hadde spørsmål om kven som hadde vernrunde på Osterøy stadion. Det var Guro Vevle som er controller i hovudlaget som stod føre etter initiativ frå kontrollutvalet. Bjarte Vik har fått rapport, og tek initiativ til å overlevere den til nytt styre. Karl Johan Reigstad hadde spørsmål ved om det vart tatt avgjerd om ny sarg i svingane. Dette er ikkje avgjort, men det bør skje før første stevne.

	Det er også viktig at bana vert vaska i år, og at det ikkje går to år til neste gong. Karl Johan Reigstad hadde spørsmål om tidtakaranlegg og klokke som ikkje har vore i orden. Det har vore budsjettert med innkjøp av ny klokke, men det har ikkje blitt kjøpt inn. No har det dukka opp ei bedrift vi kan søke om dekning av ny klokka, og det må sendast søknad. Herdis Helle hadde merknad om at vi no – etter å ha streva i mange år – har gode trenarar og god aktivitet for den yngste gruppa.														
Sak 4/2025	Rekneskap 2024 Tore Langeland presenterte rekneskapen. Post 4090 – Vareteljing beholdning er pt ikkje gjort. Eigenkapitalen til friidrettsgruppa er om lag 1, 8 millionar. Rekneskapen vart tatt til vitande ('godkjent') utan merknader.														
Sak 5/2025	Budsjett 2025 Framlegget til budsjett vart godkjent.														
Sak 6/2025	Val av nytt styre og ny valnemnd Valnemnda v/Mats Elvik fekk ordet Leiar – valnemnda hadde ikkje framlegg til ny leiar. Årsmøtet foreslo Bjarte Lohne. Nestleiar: Åse Bergheim (2025- 2026) Kasserar: Kristine Høylo (2025-2026) Styremedlemmer: Jonas Lillejord, Karoline Vik. Styret i 2025 <table><tr><td>Leiar:</td><td>Bjarte Lohne (2025)</td></tr><tr><td>Nestleiar:</td><td>Åse Bergheim (2025-2026)</td></tr><tr><td>Kasserar:</td><td>Kristine Høylo (2025-2026)</td></tr><tr><td>Styremedlem:</td><td>Jonas Lillejord (2025-2026)</td></tr><tr><td>Styremedlem:</td><td>Anne Lise Leiren Mastervik (2024-2025)</td></tr><tr><td>Styremedlem</td><td>Tore Hannisdal (2024-2025)</td></tr><tr><td>Styremedlem:</td><td>Karoline Vik (2025-2026)</td></tr></table>	Leiar:	Bjarte Lohne (2025)	Nestleiar:	Åse Bergheim (2025-2026)	Kasserar:	Kristine Høylo (2025-2026)	Styremedlem:	Jonas Lillejord (2025-2026)	Styremedlem:	Anne Lise Leiren Mastervik (2024-2025)	Styremedlem	Tore Hannisdal (2024-2025)	Styremedlem:	Karoline Vik (2025-2026)
Leiar:	Bjarte Lohne (2025)														
Nestleiar:	Åse Bergheim (2025-2026)														
Kasserar:	Kristine Høylo (2025-2026)														
Styremedlem:	Jonas Lillejord (2025-2026)														
Styremedlem:	Anne Lise Leiren Mastervik (2024-2025)														
Styremedlem	Tore Hannisdal (2024-2025)														
Styremedlem:	Karoline Vik (2025-2026)														

Årsmøtet foreslo fylgjande i valnemnda:

Helga Reigstad (leiar), Bjarte Vik og Mats-Eirik Elvik.

Dei vart samrøystes valde.

Etter årsmøtesakene vart det diskusjon rundt aktivitetar og tiltak i friidrettsgruppa.

Årsfest 22. mars. Vi kan vurdere ei lita utlodning denne dagen. Bjarte Vik kunne tenkt seg og hatt første styremøte denne dagen.

Det nye styret bør vurdere å opprette dugnadskomite og arrangementskomite.

Vi bør ha lagerrydding og gjere ferdig varmestova.

Arne hadde innspel om dugnad relatert til at vi har mange arrangement og bør satse på å tene pengar på det vi driv med.

U23 VM er 17. til 23. juli. OIL friidrett har ansvar for spyd.

Ein bør samle kontraktsutøvarane og snakke om forventningar til dugnad etc. Kan også vurdere å invitere Anders Totland for å lage sak om dei.

Dagfinn og Amalie reiser truleg bort for å studere, så ein må truleg rekruttere nye trenarar til dei yngste. I år så må ein også gjerne tilby og bistå med ekstra trenarressursar for denne gruppa når dei byrjar ute. Dei trenar frå klokka 17.30 til 18. 30. Foreldra kan også vere ein ressurs, både som hjelpetrenarar, sosiale aktivitetar og dra på stevne.

Herdis Helle – referent.

